

Pressemelding

LAGE WEDIN OG JÆREN KAMMERKOR I NY BJERKRHEIM-KANTATE



Trygve Bjerkrheim – som 90-åring

Jæren kammerkor har tinga ei ny kantate med tekstar av Trygve Bjerkrheim. Kantata, som har fått namnet ”**Det strøymer ei livselv av lukke!**”, inneheld saman med tittelsongen fleire kjende songar, m a ”Det er makt i de foldede hender” og ”Han tek ikkje glansen av livet”.



Komponisten Sigvald Tveit har laga arrangement til nokre velkjende melodiar, og også komponert fleire nye melodiar, både til kjende og meir ukjende songar og dikt.

Komponisten Sigvald Tveit



Jæren Kammerkor – ved inngangen til Nærbø kyrkje

(Foto: Asgeir Haugedal)

Jæren kammerkor, som i vår feirar 15 års jubileum, har lagt opp til eit ambisiøst program med heile seks konsertar i begynnelsen av juni. Det vert urframføring på Tryggheim skular torsdag 5. juni. Det vert vidare konsertar i Klippen på Jørpeland, Bryne kyrkje, Bjerkreim kyrkje og Fredheim Arena på Sandnes. Punktum for konsertserien vert sett i Stavanger domkirke søndag kveld den 8. juni

Som solist har koret fått med seg ingen ringare enn den svenske **songaren Lage Wedin**. Lage Wedin skulle vera eit velkjend namn for svært mange frå perioden då han reiste saman med predikanten John Olav Larssen. Mest kjend er han likevel for si innspeling av songen ”Det er makt i de foldede hender”, som vart send veke etter veke i NRK sin ønskekonsert over mange år. Sikre kjelder seier at Lage Wedin sin versjon av denne songen er den mest spelte i Ønskekonserten si historie. Han var bare 17 år då innspelinga var gjort i 1961.



Songaren Lage Wedin



I tillegg til kor, solist og **dirigenten Ingunn Bjorland**, medverkar **Ingvar Lygren** på piano og **Lars Ole Bergersen** på fiolin. Formannen i foreninga Trygve Bjerkrheims venner, **Hans Kristoffer Goa**, vil formidla tekstar han har skrive om Trygve Bjerkrheims liv og diktning mellom songane.

*Musikalsk leiar og inspirator for Jæren Kammerkor gjennom 15 år, dirigenten **Ingunn Bjorland***